



# Ny giv for matnasjonen Norge

Norsk landbruk produserer trygg og god mat, samt ei rekke viktige samfunns gode som levande bygder, vakre kulturlandskap og biologisk mangfald. Landbruksnæringa er av dei største næringane i landet med om lag 100.000 arbeidsplassar til saman i jordbruk og matindustri.

I framtida vil verda oppleve større prissvingingar, høgare matvareprisar og fare for ein vanskelegare forsynings situasjon. Norge er blant OECD-landa med lågast sjølvforsyning. Å auke norsk matproduksjon vil i dette perspektivet verte særskild viktig.

Klima er ei anna stor utfordring for verdssamfunnet. Overgang til fornybar energi er svaret for å redusera CO<sub>2</sub>-utsleppa og møta framtidig mangel på fossil energi. Landbruk vil vera ein viktig del av løysinga.

**Norges Bondelag meiner at auka mat- og energi-produksjon basert på norske ressursar må vera hovedfokus i den nye Landbruksmeldinga.**



Våre krav:

## Utnytt norske ressursar

Landbruksministeren har uttalt at ”vi må gjøre det vi kan for å brødfø vår egen befolkning”, ei målsetting som Norges Bondelag fullt ut delar. For å sikra at produksjonen aukar i takt med befolkningsveksten må både jordbruksarealet utvidast og arealproduktiviteten aukast. Dette er i sterk kontrast til dagens trend med nedgang i jordbruksarealet og fallande arealproduktivitet.

Ei rekke tiltak vil vera naudsynte for å møte utfordringane fram mot 2020:

1. Importvernet må styrkast innanfor gjeldande internasjonale avtaleverk. Fleksibiliteten i det norske tollregimet må utnyttast for å sikre norsk produksjon og foredling.
2. Grovfôrressursane må utnyttast best mogleg og kornproduksjonen må styrkast.
3. Jordvernet må styrkast, brakklagt jord takast i bruk og nydyrkinga aukast kraftig.
4. Det må stimulerast til auka arealproduktivitet.

## Sterkare jordvern

Dyrka jord er ein knapp, ikke-fornybar ressurs. Nedbygginga av dyrka jord må bremses. I dag har Norge 1,75 dekar fulldyrka mark per person mot 2,7 daa/person i snitt i resten av verda. Totalt minka jordbruksarealet med over 179 km<sup>2</sup> frå 2007 til 2009, noko som svarar til det samla arealet i Sande kommune i Vestfold.

For å verna om jordressursane er det naudsynt med langt sterkare tiltak enn i dag:

1. Forpliktande målsetting om minimum 1,8 daa fulldyrka jord i produksjon per innbyggjar.
2. Dispensasjonsretten i § 9 i Jordlova må overførast frå kommunane til fylkesmannen.
3. Jordlova §9 om omdisponering av dyrka mark må skjerpast inn. Det må berre vera høve til omdisponering for nasjonalt viktige samfunnsinteresser.
4. Utbyggar vert pålagt å sikra nydyrking tilsvarande det dobbelte av nedbygd areal.
5. Det må innførast lovheimel for vern av dyrka mark, på linje med naturvernområde.



## Energi og klima - fossilfritt landbruk

Landbruket har som mål å verte fossilfritt innan 2030. Fyringsolje og fossilt drivstoff må erstattast med fornybare energikjelder. Produksjon av 2. generasjon (2G) biodrivstoff kan verte ei ny vekstnæring for landbruket gjennom partnerskap mellom stat, skogindustri og landbruk. Dette forutsett:

1. Støtte til vidare teknologiutvikling og innfasing av anlegg for fornybar energi.
2. Betre rammevilkår for drift gjennom avgiftsfritak, driftsstøtte og krav om innblanding av 2G biodrivstoff i fossilt drivstoff.
3. Maskinbransjen og næringa må i samarbeid tilpassa maskinparken til 2G biodrivstoff.

## Betra økonomiske rammevilkår

Gode rammevilkår som gjev akseptabel inntekt til bonden er heilt avgjerande for å sikra rekruttering og oppretthalda og skapa nye, attraktive arbeidsplassar og dermed nå vedtekne produksjonsmålsettingar. Skilnadene i inntekt mellom jordbruket og andre yrkesgrupper er alt for stor. Det er behov for å styrke inntektsmulighetene. Norges Bondelag føreslår følgjande forpliktande inntektsformulering i Landbruksmeldinga:

**”Bønder er sjølvstendig næringsdrivande med eit eige ansvar for inntekt. Gjennom landbrukspolitikken må rammevilkåra utformast slik at yrkesutøvarane i jordbruket får høve til ei kronemessig lik inntektsutvikling og sosiale vilkår som andre grupper. For å sikra større optimisme og rekruttering til næringa må inntektskilnadene til andre yrkesgrupper reduserast vesentleg.”**



## Investeringspakke

I jordbruket er det eit stort etterslep på investeringar. Behovet for investeringar knytta til driftsbygningar det neste tiåret er berekna til minst 50 mrd kr. Støtte til nyinvesteringar er naudsynt for å medverka til fornying av driftsapparatet og betre lønsemd. Investeringsvirkemidlar må innrettast slik at dei sikrar ein bruksstruktur som er tilpassa arealstrukturen i landet vårt.

For å sikra nødvendig fornying av driftsapparatet og stimulera til rekruttering ser me behov for følgjande investeringspakke:

1. 14 mrd kr i støtte vert stilt til disposisjon over 10 år, dvs 1,4 mrd/år. Pakka må stimulera til investeringar for både mindre og større bruk over heile landet.
2. Ordninga med rentestønad utvidast for både gjennomførte og planlagde investeringar.
3. Avskrivingsattsane på driftsbygningar doblast frå 4 % til 8 %.
4. Fondordningar med skattefordel vert etablert.

